

## Referat

- Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar  
Ellen Persvold, Olav Luksengård Mjelva, Jan Heier, Hilde Reitan  
Tove Leinslie, – 1.vara,  
Frå administrasjonen: Linda Dyrnes,
- Tid:** **29.januar kl.10.00-17.00, 30.januar kl.09.00-15.30. Mat og sosialt samvær i fellesområdet frå kl. 18.00 onsdagen.**

**Stad: Schous**

## Sakliste

- Styresak 2014/1** Innkalling og sakliste
- Styresak 2014/ 2** Orienterings-, drøftings- og referatsaker
- Styresak 2014/3** Revidert handlingsplan
- Styresak 2014/4** Revidert budsjett 2014, budsjett 2015
- Styresak 2014/5** Frå årsmøte til landsmøte – endring av vedtekter
- Styresak 2014/6** Tema på seminar på årsmøte
- Styresak 2014/7** Etablering av faglag for folkemusikkarrangørar
- Styresak 2014/8** Utsett sak om kappleiksreglement for Landsfestivalen
- Styresak 2014/9** Tevlingsplan Landskappleik
- Styresak 2014/10** Oppretting av kompetansegruppe for Folkelarm
- Styresak 2014/11** Framdrift INTRO-folk
- Styresak 2014/ 12** Representasjon på årsmøte i områdelaga i FolkOrg
- Styresak 2014/13** Eventuelt

**Styresak 2014/1 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

**Styresak 2014/ 2 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) Førebels rekneskapsrapport for 2013 med merknadar
- b) Brev frå Torstein Gjeldokk der han oppmodar m.a. FolkOrg til å arbeide for å få meir folkemusikk på NRK P1.
- c) Orienteringar
- d) Frifond
- e) Arrangør

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadane:

- a) Førebels rekneskap kan sjå ut til totalt sett å gå i null, men Folkelarm er ei økonomisk utfordring. Vi må forvere arbeidet med å etablere Folkelarm som ei eigen organisasjon. Administrasjonen kjem med framlegg til kva måte vi skal arbeide med det til neste styremøte.
- b) Administrasjonen skriv eit svar til Torstein Gjeldokk der vi fortel om på kva måte vi arbeider med å få NRK til å spele meir folkemusikk. Administrasjonen tek og kontakt med Norske trekspilleres landsforbund for å høyre om kva dei gjer.
- c) Ingen merknad
- d) Styret i Norsk musikkråd har no vedteke at fordelinga av Frifond organisasjon skal berekna ut frå 50 % basert på det totale tal på medlemmar under 26 år i sentralorganisasjonen og 50 % basert på tal på lag som har minst 1/3 av medlemmene under 26 år. Det vert ei overgangsordning før den løysinga er heilt på plass. Vi har difor nådd målet vårt .
- e) Arrangør. Vi samarbeider med Norsk Jazzforum, Norske festivaler og Norsk Rock forbund om å lage eit system for å innhente statistikk frå festivalar og konsertarrangørar, slik at vi skal få eit betre grunnlag for arbeidet vårt.

### **Styresak 2014/3 Revidert handlingsplan**

Vedtak:

- a) Modell for langtidsplan som styret kom fram til i møtet vart vedteke.
- b) Planen leggast ut til høyring der administrasjonen legg ved nokre spørsmål vi ønskjer svar på.
- c) Langstidplan med særskilde satsingar for toårsperioden skal vedtakast av årsmøtet.
- d) Styret vedtek ein meir detaljert tiltaksplan som administrasjonen legg fram.

### **Styresak 2014/4 Revidert budsjett 2014, budsjett 2015**

Vedtak: Administrasjonen skal arbeide fram til eit budsjett i balanse ut frå signala gitt i møte. AU har fullmakt til å vedta framlegg til budsjett.

### **Styresak 2014/5 Frå årsmøte til landsmøte – endring av vedtekter**

Vedtak:

1. Styret gjer framlegg til årsmøte om å gå over til å ha landsmøte kvart andre år.
2. Styret gjer framlegg til årsmøte om endringar av vedtekten for å vere tilpassa det.
3. Styret foreslår at endringa vert gjort gjeldande frå årsmøte i 2015.

### **Styresak 2014/6 Tema på seminar på årsmøte**

Vedtak: Seminar på årsmøtet vert:

- o På kva måte skal vi skape gode dansearenaer? Administrasjonen lagar eit opplegg for temaet, til dømes kan nominerte til Årets lokallag fortelje om kva dei gjer for å skape arenaer for dans, Jørn Hilme stemnes kan legge fram kva dei gjer. Vi kan ha gruppearbeid.
- o Valdres folkemuseum; folkemusikk og nasjonalisme.
- o Kart over Folkemusikk- Noreg – Kven gjer kva? Særskild fokus på FolkOrg.

**Styresak 2014/7 Etablering av faglag for folkemusikkarrangørar**

Styret gir AU fullmakt til å ferdigstille retningsliner for faglaget for folkemusikkarrangørar, helst på ein enklare måte.

**Styresak 2014/8 Utsett sak om kappleriksreglement for Landsfestivalen**

Vedtak:

- a) Open klasse vert gjeninnført frå og med Landsfestivalen i Steinkjer som ei prøveordning i 2 år. Reglementet vil for denne klassa bli slik:  
"I open klasse vil ein oppmode til nytenking og eksperimentering i høve samspelformer og instrumentsamansetningar. Klassa er for både solo og samspel. I denne klassa treng ein ikkje spele dansbar musikk, men utgangspunktet til innslaga skal vera gammaldans. Det skal ikkje vera noko avgrensing i instrument. Max tid pr. startnummer er 6 minutt."
- a) Reglementet vert ikkje endra i høve gruppespel.

**Styresak 2014/9 Tevlingsplan Landskapplerik**

Vedtak: Styret godkjenner tevlingsplana frå arrangørane på Geilo, men ber tevlingsnemnda om å fylgje ekstra godt med på påmeldinga i dans feleklassane slik at tidsskjemaet til dommarane ikkje vert for tett.

**Styresak 2014/10 Opprettning av kompetansegruppe for Folkelarm**

Vedtak: Styret oppretter en kompetansegruppe for Folkelarm. Gruppen skal arbeide med strategisk og kunstnerisk utvikling av Folkelarm . Gruppen konstituerer seg selv. Styret slutter seg til saksbehandlers forslag til medlemmer. Dersom noen av de nevnte personene takker nei, eller trekker seg, gir styret saksbehandler mandat til å forhøre seg med listen av navn som kom fram i møtet, samt at AU får mandat til å fremme nye forslag til gruppemedlemmer. Styret velger også Hilde Reitan fra FolkOrg-styret inn i gruppen.

### **Styresak 2014/11 Framdrift INTRO-folk**

Vedtak:

INTRO-Folk seminfinaler og finaler utsettes til 2015, og konkurransen utlyses høsten 2014. For øvrig velger ny prosjektleder i samråd med styret i FolkOrg hvilken modell man vil bruke. Vedtaket forutsetter finansiering.

### **Styresak 2014/ 12 Representasjon på årsmøte i områdelaga i FolkOrg**

Vedtak: Styre og administrasjon reiser slik på årsmøta i områdelaga, ut frå dei datoane vi kjenner i dag.

Lag	Sted	Tid	Dato	Repr.
Trøndelag Folkemusikklag,	Ørlandet	kl 17-18	01.feb	Per Øyvind Tveiten
Sogn og Fjordane folkemusikklag	Skei hotell på Skei.	kl 14	09.mar	Helene M. Bolstad
Hedmark Folkemusikklag,	Glomdalsmuseet i Elverum.	kl 11	01.mar	Marit Vestrum
Hordaland folkemusikklag	Bergen		25.mar	Marit Vestrum
Buskerud Folkemusikklag	Folkemusikksenteret i Sigdal.		08.mar	
Møre og Romsdal Folkemusikklag				
Valdres Folkemusikklag				Ellen Persvold
Gudbrandsdal Folkemusikklag	Heidal		05.apr	Hilde Reitan
Telemark Folkemusikklag				
Vest-Oppland Folkemusikklag	Lygnasæter Hotell	kl. 1030	22.mar	Marit Vestrum
SAFFA Viken Folkemusikklag	Akershus musikkråd, Kjeller		24. el 29. apr	Marit Vestrum og Jan Heier

### **Styresak 2014/13 Eventuelt**

- a) Brev frå Landsfestivalen i Steinkjer om krav om medlemsskap i FolkOrg for å delta på Landsfestival. Kravet om medlemsskap oppretthaldast. Per Øyvind Tveiten sender svar.
- b) Brev frå Jorun Hagen om krav til medlemsskap for lag i områdelag. Saken utsettes til styremøtet i mars.
- c) Styret i Vestoppland folkemusikklag har gjort vedtak om at dei vil gjere framlegg om å legge ned laget på årsmøtet sitt.
- d) Utkast til årsmelding sendast ut til styret. Dei må kome med attendemelding innan ei veke.